



# RADØY KOMMUNE

Kommunal- og regionaldepartementet  
Kommunalavdelingen  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
06/439-5/06/4776//LTA

Dato:  
Manger: 21.09.2006

## FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I VALLOVA - HØYRING


Vi viser til dykkar høyringsnotat med framlegg til endringar i vallova, dagsett 20.06.06.

Radøy formannskap handsama saka i møte 14. september d.å. og gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Radøy kommune er samd i dei fleste framlegga til endringar i vallova, men går imot framlegget om at fristen for at førehandsrøystegjevingane skal vera komne inn til kl. 20 første tysdag etter valdagen. Radøy kommune ber om at vallova ikkje vert endra på dette punktet.
2. Radøy kommune ber om at fristen for førehandsrøyster frå veljarar som røystar i eigen kommune, vert sett til søndag før valdagen. Dette vil kunna vera eit tiltak for å medverka til at flest mogleg veljarar nyttar røysteretten.
3. Radøy kommune ser positivt på at skjeringsdatoen for manntalet vert endra til 30. juni i valåret.
4. Radøy kommune ser på noverande tidspunkt ikkje grunnlag for at det vert innført restriksjonar når det gjeld media sitt høve til å publisera meiningsmålingar dei siste dagane før valdagen."

Særutskrift av møteboka følger vedlagt.

Med helsing

  
Leif Taule  
Konstituert rådmann

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	14.09.2006	100/06	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Formannskapet	<b>Arkiv:</b> K1-010	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Objekt:</b>	2006000439

### FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I VALLOVA - HØYRING

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	20.06.2006	Det kongelege kommunal- og regionaldepartement	Høringsnotat med framlegg til endringar i vallova

**Vedlegg i saka:** Høyringsnotatet kan lesast på [www.krd.no](http://www.krd.no)

#### Saksutgreiing:

Det ligg føre framlegg frå KRD om følgjande endringar i vallova:

1. Kommunen v/valstyret syter for at det vert sendt ut valkort til alle røysteføre som er manntalsført i kommunen, og som har bustadadresse innanriks.
2. Førehandsrøysteperioden skal avsluttast:  
Innanriks: siste torsdag før valdagen  
Utanriks: fredag ei veke før valdagen
3. Frist for å søkja om å få røysta ved ambulerande røystemottaking må ikkje setjast seinare enn siste torsdag før valdagen.
4. Førehandsrøstegjevingane må vera komne inn til valstyret innan kl. 20 første tysdag etter valdagen.
5. Veljar som er ukjent for røystemottakar, skal legitimera seg. Dersom veljaren ikkje har legitimasjon, kan identiteten stadfestast av ein annan person over 18 år som legitimerer seg.
6. Førebels oppteljing skal føretakast ved manuell teljing av røystesetlane. Førebels oppteljing av røystesetlane kan likvel føregå ved eit edb-teknisk system dersom det vert nytta eit anna system enn ved den endelege oppteljinga.
7. Kontrollteljing av røystesetlane pga. avvik mellom førebels og endeleg oppteljing skal føregå manuelt.
8. Førebels oppteljing av røystesetlar avgjevne på førehand kan starta søndag før valdagen.

#### Andre tema

1. Skjæringsdatoen for manntalet. Kan denne forskyvast frå 31. mai til 30. juni i valåret utan at dette vil gjera det vanskeleg å senda ut valkort?
2. Val og politiske meiningsmålingar. Bør det innførast restriksjonar når det gjeld media sin adgang til å publisera meiningsmålingar dei siste dagane før valdagen?

### **Vurdering:**

**Valkort.** Dette vil vera positivt for veljarane då det viser tydeleg kva kommune ein skal røysta i og kva krins i kommunen ein høyrer til. Men valkorta bør ikkje sendast ut før etter ferien då tidlegare erfaringar viste at det var mange som ikkje tok vare på valkorta dersom valkorta vart sendt ut for tidleg. Dersom veljarane tek med seg valkorta ved førehandsrøysting, sparer ein noko tid for røystemottakarane som slepp å fylla ut desse manuelt.

For kommunen fører utsending av valkort til ekstra kostnader – om lag kr 25.000 pr. val.

**Førehandsrøysteperioden.** Dette framlegget bør gjennomførast slik at det sjansane for at førehandsrøyster ikkje kjem fram til valstyret i rett tid, minkar vesentleg.

**Frist for førehandsrøystegjevingar til valstyret.** Dette endringsframlegget bør ikkje vedtakast. Fristen er i dag kl. 20 på valdagen, og dette bør ein halda fast på slik at det endelege valresultatet vert klart snarast råd etter avslutta røysting på valdagen. Dersom det vert forskriftsfesta av førehandsrøyster skal sendast som A-post, og siste dag for førehandsrøysting vert sett til torsdag før valdagen, er det ikkje trong for å utsetja fristen som gjeld i dag.

**Skjeringsdatoen.** Denne bør endrast i tråd med framlegget då det er viktig for veljarane at dei kan røysta i den kommunen dei bur i på valdagen. Særleg er det viktig ved lokalval at dei får røysta og vera med å påverka valresultatet i bustadkommunen og ikkje i fråflyttingskommunen. Det vil kunna føra til at færre personar røystar i feil kommune på valdagen, og dermed at færre røystegjevingar vert forkasta.

Ingen særlege merknader til resten av framlegga om endringar i vallova (pkt. 3, 5, 6, 7 og 8).

Rådmannen har for sin del heller ikkje særlege synspunkt på at det skal utarbeidast lovreglar for å hindra publisering av partimålingar like før valet før det eventuelt kan påvisast klare samanhengar mellom parti sine oppslutningar på meiningsmålingar og den oppslutning dei oppnår i sjølve valet. Før slike vurderingar vert gjort må departementet også få avklart om eventuelle restriksjonar kjem i strid med Grunnlova sine reglar om ytringsfridom.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Radøy kommune er samd i dei fleste framlegga til endringar i vallova, men går imot framlegget om at fristen for at førehandsrøystegjevingane skal vera komne inn til kl. 20 første tysdag etter valdagen. Radøy kommune ber om at vallova ikkje vert endra på dette punktet.
2. Radøy kommune ser positivt på at skjeringsdatoen for manntalet vert endra til 30. juni i valåret.
3. Radøy kommune ser på noverande tidspunkt ikkje grunnlag for at det vert innført restriksjonar når det gjeld media sitt høve til å publisera meiningsmålingar dei siste dagane før valdagen.

### **14.09.2006 FORMANNSKAPET**

I formannskapet tok rådmannen opp spørsmålet om førehandsrøyster frå veljarar som røystar i eigen kommune. Her er det inga framsendingstid å ta omsyn til, og førehandsrøysting kan av den grunn skje like fram til dagen før valet. Dette vil kunna vera eit tiltak for å medverka til at flest mogleg veljarar nyttar røysteretten.

Rådmannen gjorde framlegg om at dette vart tatt med i uttalen frå Radøy kommune.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak inkl. tilleggsframlegget.

## **F-100/06 VEDTAK:**

1. Radøy kommune er samd i dei fleste framlegga til endringar i vallova, men går imot framlegget om at fristen for at førehandsrøystegjevingane skal vera komne inn til kl. 20 første tysdag etter valdagen. Radøy kommune ber om at vallova ikkje vert endra på dette punktet.
2. Radøy kommune ber om at fristen for førehandsrøyster frå veljarar som røystar i eigen kommune, vert sett til søndag før valdagen. Dette vil kunna vera eit tiltak for å medverka til at flest mogleg veljarar nyttar røysteretten.
3. Radøy kommune ser positivt på at skjeringsdatoen for manntalet vert endra til 30. juni i valåret.
4. Radøy kommune ser på noverande tidspunkt ikkje grunnlag for at det vert innført restriksjonar når det gjeld media sitt høve til å publisera meiningsmålingar dei siste dagane før valdagen.